

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 02.07.2018

Vår ref.: 201835901-2

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528 / baso@nve.no

Leikanger kommune - søknad om mellombels uttak av grunnvatn til Leikanger vassverk i Leikanger kommune, Sogn og Fjordane - høyring

NVE har mottatt ein søknad frå Leikanger kommune, datert 12.06.2018, om løyve til mellombels uttak av grunnvatn til Leikanger vassverk i Leikanger kommune.

I samband med Sognekraft si utbygging av Leikanger kraftverk skal inntaket til vassverket leggas om. Det er planlagt etablering av grunnvassuttak som skal nyttast som mellombels drikkevassforsyning for Leikanger vassverk i anleggsperioden inntil nytt inntak er etablert. Det er forventa at den mellombelse vassforsyninga vil ha ei varigheit på inntil tre år. Grunnvatnet vil bli tatt ut frå fem grunnvassbrønnar i Riverdalen i Hermansverk sentrum. Det vil bli lagt ein mellombels vassleidning hovudsakleg oppe på bakken frå grunnvassbrønnane, via eit pumpehus, til eksisterande pumpestasjon og vassbehandlingsanlegg. Herifrå vil eksisterande infrastruktur nyttas.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Leikanger kommune søker også om løyve til ekspropriasjon og om førehandstiltreding etter oireigningslova § 2 og § 25. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Odd Arve Rakestad på tlf. 57 65 56 00 eller e-post: postmottak@leikanger.kommune.no.

Vi ber Leikanger kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn i serviceekspedisjonen på tinghuset i Leikanger, samt på Leikanger folkebibliotek i Saften, fram til **27.08.2018**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **27.08.2018**. I tillegg kan ein sende uttalar per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Kunngjeringstekst
Orientering til høyringspartane

Mottakerliste:

Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Leikanger Jakt- og Fiskelag
Leikanger kommune
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Norges geologiske undersøkelse
Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane
SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
Statens Vegvesen - region vest